



Arve Fyllingsnes
Fyllingsnesvegen 136
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14099 - 20/51045

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
robaal.serhan@alver.kommune.no

Dato:
20.08.2020

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 214/4 Fyllingsnes,GBNR. 236/1 Askvika

Administrativt vedtak: Saknr: 833/20

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 20.08.2025 for Gbnr. 214/4 og gbnr .236/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Arve Fyllingsnes har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr. 214/4 og gbnr. 236/1. Drifta er 18 vinterfora sauer. Driftsforma er utegangardrift og det vert difor lite oppsamla gjødsel.

Føretaket eig 4,3 daa overflatedyrka mark og 4,9 daa innmarksbeite.Søker leiger 5,1 daa overflatedyrka mark og 5,0 daa innmarksbeite.

Føretaket kjøper inn 375 kg fullgjødsel 18-3-15 og 375 kg16-0-0.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på jordbruksareal					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
375	18-3-15	19,3	jordbruksareal	19,4	3,5	0,58	2,91
375	16-0-0	19,3	jordbruksareal	19,4	3,1	0	0
Sum					6,6	0,58	2,91

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium .Bruket har 2,5 GDE minus frådag frå beitetid(44 veker).

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/14099»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arve Fyllingsnes

Fyllingsnesvegen 136

5913

EIKANGERVÅG